

KOMMISJONSVEDTAK**2009/EØS/69/07**

av 12. april 2006

om endring av vedtak 2003/135/EF med omsyn til lenging av planane for utrydding av og naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin i visse område av delstatane Nordrhein-Westfalen og Rheinland-Pfalz, og om oppheving av desse planane i andre område av Rheinland-Pfalz (Tyskland)(*)

*[meldt under nummeret K(2006) 1531]***(Berre den tyske og den franske teksta er gyldige)**

(2006/285/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001
om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest⁽¹⁾,
særleg artikkel 16 nr. 1 og artikkel 20 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonen har vedteke kommisjonsvedtak 2003/135/EF av 27. februar 2003 om godkjenning av planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin i dei tyske delstatane Niedersachsen, Nordrhein-Westfalen, Rheinland-Pfalz og Saarland⁽²⁾ som eitt av fleire tiltak for motkjemping av klassisk svinepest.
- 2) Tyskland har meldt frå til Kommisjonen om at klassisk svinepest har spreidd seg til viltlevande svin i visse område av Nordrhein-Westfalen. Tyskland har òg stadfesta at planane for utrydding av og naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin er vortne utvida til å omfatte desse områda og visse tilgrensande område i Rheinland-Pfalz.

- 3) Tyskland har òg meldt frå til Kommisjonen at situasjonen når det gjeld klassisk svinepest er vorten monaleg betre i visse område av Rheinland-Pfalz, og at det ikkje lenger er naudsynt å nytte planane for utrydding av og naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin på desse områda.
- 4) Vedtak 2003/135/EF bør difor endrast.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedlegget til vedtak 2003/135/EF vert bytt ut med teksta i
vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til Sambandsrepublikken Tyskland og
Republikken Frankrike.

Utferda i Brussel, 12. april 2006.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 104 av 13.4.2006, s. 51, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 140/2006 av 8. desember 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 15 av 29.3.2007, s. 1.

⁽¹⁾ TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet endra ved tilmeldingsakta av 2003.

⁽²⁾ TEU L 53 av 28.2.2003, s. 47. Vedtaket sist endra ved vedtak 2005/950/EF (TEU L 345 av 28.12.2005, s. 30).

VEDLEGG

«VEDLEGG

1. OMRÅDE SOM DET FINST UTRYDDINGSPLANAR FOR:

A. I delstaten **Rheinland-Pfalz**:

- a) i distrikta Südliche Weinstraße, Ahrweiler og Daun,
- b) i byane Landau og Pirmasens,
- c) i distriktet Bitburg-Prüm: kommunen Prüm, og tettstadene Burbach, Balesfeld og Neuheilenbach (i kommunen Kyllburg),
- d) i distriktet Cochem-Zell: kommunane Kaisersesch og Ulmen,
- e) i distriktet Germersheim: kommunane Lingenfeld, Bellheim og Germersheim,
- f) i distriktet Mayen-Koblenz: kommunen Vordereifel, kommunen Mendig vest for motorvegen A 61 og Bundesstraße B 262 og byen Mayen vest for Bundesstraße B 262 og nord for Bundesstraße 258,
- g) i distriktet Südwestpfalz: kommunane Waldfischbach-Burgalben, Rodalben, Hauenstein, Dahner-Felsenland, Pirmasens-Land og Thaleischweiler-Fröschen, og tettstadene Schmitshausen, Herschberg, Schauerberg, Weselberg, Obernheim-Kirchenarnbach, Hettenhausen, Saalstadt, Wallhalben og Knopp-Labach,

B. I delstaten **Nordrhein-Westfalen**:

- a) i byen Aachen: sør for motorvegane A4, A544 og Bundesstraße B1,
- b) i byen Bonn: sør for Bundesstraße 56 og motorvegen A 565 (Bonn-Endenich til Bonn-Poppelsdorf) og sørvest for Bundesstraße 9,
- c) i distriktet Aachen: byane Monschau og Stolberg og kommunane Simmerath og Roetgen,
- d) i distriktet Düren: byane Heimbach og Nideggen og kommunane Hürtgenwald og Langerwehe,
- e) i distriktet Euskirchen: byane Bad Münstereifel, Mechernich, Schleiden og tettstadene Billig, Euenheim, Euskirchen, Flamersheim, Kirchheim, Kuchenheim, Kreuzweingarten, Niederkastenholz, Palmersheim, Rheder, Roitzheim, Schweinheim, Stotzheim, Wißkirchen (i byen Euskirchen), og kommunane Blankenheim, Dahlem, Hellenthal, Kall og Nettersheim,
- f) i distriktet Rhein-Sieg: byane Meckenheim og Rheinbach, kommunen Wachtberg og tettstadene Witterschlick, Volmershofen, Heidgen (i kommunen Alfter) og tettstadene Buschhoven, Morenhoven, Miel og Odendorf (i kommunen Swisttal),

2. OMRÅDE DER DET VERT NYTTA NAUDVAKSINASJON:

A. I delstaten **Rheinland-Pfalz**:

- a) i distrikta Südliche Weinstraße, Ahrweiler og Daun,
- b) i byane Landau og Pirmasens,
- c) i distriktet Bitburg-Prüm: kommunen Prüm, og tettstadene Burbach, Balesfeld og Neuheilenbach (i kommunen Kyllburg),
- d) i distriktet Cochem-Zell: kommunane Kaisersesch og Ulmen,
- e) i distriktet Germersheim: kommunane Lingenfeld, Bellheim og Germersheim,

- f) i distriktet Mayen-Koblenz: kommunen Vordereifel, kommunen Mendig vest for motorvegen A 61 og Bundesstraße B 262 og byen Mayen vest for Bundesstraße B 262 og nord for Bundesstraße 258,
- g) i distriktet Südwestpfalz: kommunane Waldfischbach-Burgalben, Rodalben, Hauenstein, Dahner-Felsenland, Pirmasens-Land og Thaleischweiler-Fröschen, og tettstadene Schmitshausen, Herschberg, Schauerberg, Weselberg, Obernheim-Kirchenarnbach, Hettenhausen, Saalstadt, Wallhalben og Knopp-Labach,

B. I delstaten **Nordrhein-Westfalen**:

- a) i byen Aachen: sør for motorvegane A4, A544 og Bundesstraße B1,
 - b) i byen Bonn: sør for Bundesstraße 56 og motorvegen A 565 (Bonn-Endenich til Bonn-Poppelsdorf) og sørvest for Bundesstraße 9,
 - c) i distriktet Aachen: byane Monschau og Stolberg og kommunane Simmerath og Roetgen,
 - d) i distriktet Düren: byane Heimbach og Nideggen og kommunane Hürtgenwald og Langerwehe.
 - e) i distriktet Euskirchen: byane Bad Münstereifel, Mechernich, Schleiden og tettstadene Billig, Euenheim, Euskirchen, Flammersheim, Kirchheim, Kuchenheim, Kreuzweingarten, Niederkastenholz, Palmersheim, Rheder, Roitzheim, Schweinheim, Stotzheim, Wißkirchen (i byen Euskirchen), og kommunane Blankenheim, Dahlem, Hellenthal, Kall og Nettersheim,
 - f) i distriktet Rhein-Sieg: byane Meckenheim og Rheinbach, kommunen Wachtberg og tettstadene Witterschlick, Volmershofen, Heiden (i kommunen Alfter) og tettstadene Buschhoven, Morenhoven, Miel og Odendorf (i kommunen Swistal).»
-